

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>1/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 25. januar kl. 09:00 – 13:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utvikingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23, møterom</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Knut Moe, May Eva Sandvik (varaordfører Lindås kommune)
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen, Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit
<b>Andre:</b>	Peter Emil Kaland (sak 7/13) og Espen Selvik (sak 8/13)
<b>Forfall:</b>	Astrid Aarhus Byrknes, Jarle Landås og Kari Brekken (kst. rådmann Gulen)

<b>Sak 1/13</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 2/13</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll frå møte 7/2012</b> Møteprotokollen frå møte 7/2012 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 3/13</b>	<b>Status oppfølgingsaker</b> Kjapp gjennomgang. Dei fleste på dagsorden i dag. Dagleg leiar fylgjer opp status på resten.
<b>Sak 4/13</b>	<b>Status Nordhordlandspakken</b> Regionrådsleiar informerte om møtet før jul som han, Pål Kårbø og Helge Hopen hadde med vegdirektør og vegsjef med fleire. Det var eit godt møte, og det var gjort eit godt forarbeid med presentasjonen. Vegdirektøren var positiv til prosjektet, og hadde allereie god kunnskap om det.  Måndag 28. januar er det styremøte i NH-pakken, og same kveld arrangerer NHIL Kva No-møte med tittelen «Frå Knarvik til Åsane på 7 minutt – kva er status?». Måndag 11. februar vert det eit møte mellom eigarane i NH-pakken der hensikt er felles oppdatering / forståing.  Det vart litt diskusjon om NH-pakken sin ståstad i fylket og andre stader, bl.a. med bakgrunn i ting som kjem fram (eller ikkje fram) i ulike møte. Mange er med og kjempar om dei same midlane, så det er viktig at alle står på og jobbar breitt med NH-pakken på alle plan, og at me sikrar deltaking på møte m.v. der vegprosjekt er tema.
<b>Sak 5/13</b>	<b>Status Helsehus. Godkjenning søknad om skjønnsmidlar.</b> Øistein Søvik orienterte kort om status i Lindås kommune med arbeidet med regionalt helsehus. Formannskapet skal handsama bl.a. vertskommunerollen og eigarforhold kommande veke. Her vert det bedt om at kommunen tek på seg vertskommunerolla, evt. må dei be om at Regionrådet etablerer IKS eller AS for å føra opp og evt. drifta huset.  Fortsatt er det trong for ein del utgreiingar som NUI har ansvaret for, dette inngår i søknad om skjønnsmidlar. Dette bør ikkje føra til føra til spesielle tidsforseinkingar i forhold til framdrifta. Helseutvalet må sikra framdriftsplanen og få nødvendige avklaringar.  Det vart påpeika at Helse Bergen HF er eit fundament i huset, så det ekstremt viktig at dei er med – og

	<p>at dei opplever framdrift på prosjektet. Det er og viktig for alle å forstå at dette er eit «Nordhordlandsprosjekt».</p> <p>Saksvedlegg 5/2013 «Godkjenning søknad om skjønsmidlar samlokalisering av helsetenester i Nordhordland» og «Godkjenning søknad om skjønsmidlar til kompetansebygging i samband med etablering av ØH – døgnplassar» vart handsama.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet Nordhordland sluttar seg til at administrasjonen (NUI) utarbeider søknad om skjønsmidlar og at Lindås kommune vert sett som søkjar på vegne av regionen. Dersom det er fleire søknader om interkommunale prosjekt vil denne bli sett med høg prioritet.</li> <li>✚ Regionrådet Nordhordland sluttar seg til at leiinga ved Nordhordland legevakt utarbeider søknad om skjønsmidlar til kompetansebygging i samband med etablering av ØH - døgnplassar og at Lindås kommune som vertskommune for tilbodet søkjar på vegne av regionen.</li> </ul>
<p><b>Sak 6/13</b></p>	<p><b>CO2BIO - søknad om tilskot til etablering av pilotanlegg legg på Mongstad.</b></p> <p>Viser til saksopplysningar og korleis den økonomiske fordelinga er tenkt fordelt på havbruksnæringa, staten, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Nordhordland. Kommunane er bedt om 1. mill., og desse kan fordelast over 2 år. Per Lerøy viste til eit kommande møte med Nærings- og handelsdepartementet, og at dei gjerne ville ha med seg eit positivt signal.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet synast dette er eit spennande prosjekt og ynskjer å bidra med nødvendige midlar. Regionrådet sender saka over til Nærings- og samferdsleutvalet og fondstyret for handsaming – og for å finna ei løysing.</li> </ul>
<p><b>Sak 7/13</b></p>	<p><b>«Biosfæreprosjektet» og samarbeidsavtalen – status og forslag til vedtak vidare prosess.</b></p> <p>Peter Emil Kaland gav ei grundig orientering om prosjektet – sjå vedlagte kopi av presentasjon.</p> <p>Nordhordland med sine kvalitetar passar som hand i hanske til eit Unesco Biosfære-prosjekt. Mange er redde for at eit slikt prosjekt vil ha avgrensingar i forhold til utvikling i framtida, men Kaland peika på at det tvert i mot kan føra til det motsette. Biosfæreprosjekt vert ikkje tredd ned over hovudet på kommunane, men verkar nedanfrå og oppover – og lokaldemokratiet vil kunne få meir og seia. Det er ikkje krav til nye verneområde i Nordhordland, området har det som skal til frå før. Skal prosjektet lukkast må ein få alle partar med, frå kommunane og innbyggjarar til verksemdar og industri og fylkes- og statlege styresmakter.</p> <p>Kulturutvalet råder Regionrådet til å signera avtalen med UIB med bakrunn i prosjektnotat og finansieringsplan.</p> <p>Regionrådsleiar og dagleg leiar har avtala eit møte med Fylkesmannen onsdag 30. januar for å drøfta prosjektet med dei – og evt. kva ressursar dei kan bidra med. Fylkeskommunen har tidlegare gjeve ei positiv tilbakemelding.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet ber på bakgrunn av prosjektnotat og budsjett med finansieringsplan, NUI om å slutføre avtalen med UiB og setja i gong forstudiet som skal føra fram til søknaden om å bli Biosfæreområde-kandidat. Rådet ber NUI leggja opp ein reiseplan for informasjon for dei aktuelle kommunestyra i løpet av våren – også eventuelt nye kommunar.</li> </ul>
<p><b>Sak 8/13</b></p>	<p><b>Stemmerettsjubileet og 1814-jubileet.</b></p> <p>Espen Selvig, leiar av Gulatinget, informerte fyrst grundig og inspirerande om arbeidet med Gulatinget og dei ulike markeringane som er planlagt i 2013 – viser til vedlagte notat. Programmet er vidt i temaval og det vert lagt opp til varierande aktivitetar – og Gulatinget skal prøva å gjera unike ting som har regional og nasjonal interesse. Endeleg program skal etter planen, liggja føre i mars. Stortinget har bedt Gulatinget om å medverka i det offisielle nasjonale Grunnlovsjubileet i 2014, og sjølve Gulatingsdagen, laurdag 28. juni 2014, vil representantar frå Slottet og Regjeringa vera til stades. Det skal også byggast eit topp moderne visningsbygg på Gulating.</p>

	<p>*****</p> <p>Når det gjeld Hordaland fylke, tek ikkje fylkeskommunen på seg noko arrangørrolle i jubileumsmarkeringa, men ynskjer å koordinera aktivitetar i Hordaland. Dei vil ha Regionråda som kontaktpunkt ut mot kommunane. NUI tek heller ikkje arrangøransvar, men kan vera bindeledd mellom kommunane og fylket dersom kommunane ønskjer / treng ei slik organisering.</p> <p>Det må no vera ein intern prosess i kvar kommune om korleis dei ønskjer å markera jubilea. Det finst midlar ein kan søkja på for lokale arrangement.</p> <p>NUI vil invitera kulturmedarbeidarane i kommunane til eit møte der Espen Selvik orienterar om prosjektet ved Gulatinget. Vidare at kulturmedarbeidarane orienterar om arbeidet i sine respektive kommunar. På den måten kan me eventuelt få synergjar. I tillegg bør skulane og biblioteka i kommunane involverast og få moglegheita til å gjera ting.</p> <p>Synopsiset som er sendt ut, kan brukast av den enkelte kommune med tanke på 1814-markering.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet sluttar seg til innstilling frå Kulturutvalet om at prosjektet ved Gulatinget er Region Nordhordland sitt fyrår når det gjeld Stemmerettsjubileet og 1814-jubileet.</li> <li>✚ Vidare sluttar Regionrådet seg til at Kulturutvalet og NUI inviterer kulturmedarbeidarane til eit felles møte med Espen Selvik, der dei kan få orientering om planane og diskutere samspel. Skulane og biblioteka i kommunane bør også involverast.</li> <li>✚ Regionrådet ynskjer elles at det er opp til kommunane sjølve korleis dei vil markere dei to jubilea.</li> </ul>
<p><b>Sak 9/13</b></p>	<p><b>K-fond. Kapitalinnhenting Samband Vest.</b></p> <p>Nils Marton Aadland orienterte kort om saka (sjå saksutgreiing). Selskapet treng meir kapital fram til 2016 – for å jobba mot neste rullering av NTP. Bl.a. skal det gjerast seismiske undersøkingar. Viser til saksutgreiing og forslag frå Nærings- og samferdsleutvalet frå møte 10. desember 2012.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet sluttar seg til forslag frå Nærings- og samferdsleutvalet og løyver kr. 450 000,- frå Kompensasjonsfondet til Samband Vest AS. Føresetnaden for kapitalinnbetalinga, er at ein stettar kravet om 2 mill. i aksjekapital til selskapet.</li> <li>✚ Kommunane Austrheim, Lindås, Meland og Radøy må vidare gjere vedtak om å løyve Samband Vest kr.450 000,- delt over år fram til 2016. Fordelinga er foreslått slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Austrheim kommune: kr. 112 500,-</li> <li>▪ Lindås kommune: kr. 112 500,-</li> <li>▪ Meland kommune: kr.112 500,-</li> <li>▪ Radøy kommune: kr.112 500,-</li> </ul> </li> <li>✚ Dagleg leiar gjev sambandet Vest melding om vedtaket innan 31. januar 2013.</li> </ul>
<p><b>Sak 10/13</b></p>	<p><b>Felles Regional Nærings- og utviklingsplan for Region Nordhordland.</b></p> <p>Rune Heradstveit viste til saksutgreiing og orienterte om behovet for å få på plass ein felles regional nærings- og utviklingsplan for Region Nordhordland. Nordhordland er i dag ein vekstregion, tett integrert med Bergen og dei andre kommunane rundt Bergen. Innan 2040 skal Bergensregionen veksa med rundt 160.000 menneske, og ein stor del av desse vil truleg busetja seg og arbeida i Nordhordland. Skal regionen ta aktivt del i denne veksten, må vi førebu oss på best mogleg måte. Me må vera synleg og attraktiv, både for busetjing, arbeid og oppleving. Det vil krevja at kommunar, verksemder og andre aktørar har eit strategisk samarbeid og ein plan for regionen – den felles strategien / planen har ikkje Nordhordland i dag. Dette behovet er ikkje nytt, det kjem stadig fram i samtalar, møte og ulike prosessar, og det er gjort mange vedtak og liknande som støtter dette.</p> <p>Diskusjonen viste at dette ynskjer Regionrådet, og i tillegg peika fleire på at tida var inne for å samla nærings- og samfunnsressursar i Nordhordland under ein paraply slik at ein får eit større og kraftigare miljø som kan jobba meir strategisk og einsretta for å styrkja regionen.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet ber NUI vera prosjekteigar og ansvarleg for planlegging, gjennomføring og framdrift</li> </ul>

	<p>i arbeidet med å få på plass ein felles regional nærings- og utviklingsplan for Region Nordhordland. NUI set ned arbeidsgruppe i dialog med naturlege samarbeidspartnarar. Nils Marton Aadland og Karstein Totland er Regionrådet sine representantar i styringsgruppa og set saman med dagleg leiar NUI ned ei styringsgruppe som er dekkande for målgruppa.</p> <p>✚ Regionrådet ber NUI søkja skjønsmidlar frå fylkesmannen.</p>
<p><b>Sak 11/13</b></p>	<p><b>Kommunestrukturprosessen. Status.</b></p> <p>Jon Askeland og Rune Heradstveit gav kort status for kommunestrukturprosjektet. Me tenkjer at det kan vera fornuftig å oppdatere 2006-rapporten («Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland») med det som har skjedd av samarbeid og prosessar i åra etter. Samkommunebegrepet kan då bytast ut med samarbeid / samarbeidsprosessar.</p> <p>Me ser no for oss ein fase 1 med oppdatering og innretting av eit tilbod, og så fase 2 med sjølv prosjektet. Tidsplanen som tidlegare er laga for prosjektet, ligg fortsatt ved lag - mål om å ha ferdig rapport og konkrete forslag til 31.12.2014, og at dette ligg til grunn for folkeavstemming hausten 2015. Ny og oppdatert løypemelding vert gjeve i neste Regionrådsmøte 2/2013.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>✚ Regionrådet Nordhordland sluttar seg til at administrasjonen (NUI) utarbeider søknad om skjønsmidlar og at Radøy kommune vert sett som søker på vegne av regionen. Dersom det er fleire søknader om interkommunale prosjekt, vil denne bli sett med høg prioritet.</p>
<p><b>Sak 12/13</b></p>	<p><b>Felles barnevernkontor i Nordhordland?</b></p> <p>Jon Askeland viste til utsendt e-post om at fylkesmannen har nokre midlar i samband med barnevernsløftet, der ein del av midlane skal gå til tiltak som oppretting av felles barnevernkontor for fleire kommunar. Han stilte spørsmål om det er interesse for å sjå på dette i Region Nordhordland i 2013?</p> <p>Debatten viste at nokre kommunar er interessert, medan andre vil la det bero. Nils Marton Aasland viste til k-styresak 2011, og ville la saka liggja no, men viste til at den kjem til å bli sentral i kommunestrukturprosjektet. Per Lerøy viste til at Austrheim er interessert i dette og at dei har relativt lita bemanning. Han ynskjer å ha ressursar lokalt, men samarbeida regionalt i ei eller anna form for samarbeid for å vera tilfredsstillande tilgjengeleg i 365 dagar i året.</p> <p>Odd Ivar Øvregård viste til at Rådmannsutvalet handsama saka onsdag, og at dei ikkje tilrår ein samla prosess på dette no, bl.a. grunna at det allereie pågår mange store samarbeidsprosjekt som tek ressursar og tid, og at det er betre å fullføra desse på ein god måte, enn å gå inn i nye prosessar parallelt.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>✚ Regionrådet går ikkje vidare med samla prosjekt no, bl.a. grunna arbeid med mange andre prosessar / prosjekt, men synest det er fornuftig at interesserte kommunar drøftar samarbeid seg i mellom.</p>
<p><b>Sak 13/13</b></p>	<p><b>Styrking av fagopplæringa i Nordhordland</b></p> <p>Nils Marton Aadland viste til saksutgreiing og orienterte kort om at Opplæringskontoret har sendt brev og fremma framlegg til tiltak for å stimulere bedriftene til å vera aktive lærebedrifter. Næringsutvalet har diskutert saka og vil innstille til Regionrådet at Rådet sluttar seg til dette og at det vert fremma eit forslag til vedtak som kan gjerast i dei ulike kommunestyra.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>✚ Regionrådet i Nordhordland sluttar seg til forslaget som Opplæringskontoret har fremja for å styrkja fagopplæringa i regionen og oppmodar alle kommunane om gjera følgjande vedtak: «Kommunen skal i alle offentlege anbod innarbeide eit krav om at bedriftene som skal levera anbod, må dokumentere at dei er godkjent - eller arbeidar for at dei i etableringsfasen blir godkjent som lærebedrifter.</p>
<p><b>Sak 14/13</b></p>	<p><b>Felles køyrereglar i regionen når det gjeld oppstart og avslutning av felles prosjekt.</b></p> <p>Det er behov for felles rutinar når det gjeld oppstart og avslutning (herunder inn- og utmelding) av felles prosjekt.</p>

	<p><b>Vedtak</b></p> <p>Regionrådet vedtok å setja ned ei arbeidsgruppe som kjem tilbake med ei skisse på oppstart og avslutning av felles prosjekt. Denne gruppa koordinerer arbeidet med grupper som er sett ned av RU, og som ser på beslekta prosessar. Arbeidsgruppa består av Ingvild Hjelmtveit, Karstein Totland og Rune Heradstveit.</p>
<b>Sak 15/13</b>	<p><b>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur)</b></p> <p><b>Helse:</b> Kort orientering. Viktig at avtalar når det gjeld Legevakta kjem på plass snarast råd, slik at t.d. Osterøy og Gulen kjem inn i denne så fort som mogleg.</p> <p><b>Nærings- og samferdsleutvalet:</b> Intet spesielt.</p> <p><b>Kulturutvalet:</b> Intet spesielt.</p>
<b>Sak 16/13</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Godkjenning av møtedatoar 2013</b> (Vedlegg) Det har vore lite kommentarar / tilbakemeldingar på møteplanen, men Nordhordlandsting må flyttast til april og ein vurderer ny dato for Arena Nordhordland.</li> <li>▪ <b>Plassering av eit luftsportssenter i Nordhordland. Samansetjing av gruppe</b> Masfjorden og Gulen har allereie eit arbeid på gong når det gjeld dette.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Regionrådet ber om at Lindås kommune tek kontakt med desse kommunane - og at dei saman avklarar vegen vidare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Radioaktiv utslepp i Fensfjorden.</b> Regionrådet sluttar seg til bekymringa kring radioaktiv utslepp i Fensfjorden – og vil støtta ein evt. uttale.</li> </ul> <p><b>Neste møte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ 15. mars 2013, Rådhuset Osterøy</li> </ul>

Knarvik 30. januar 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

Sak 5/13: Godkjenning søknad om skjønsmidlar samlokalisering av helsetenester i Nordhordland  
Sak 5/13: Godkjenning søknad om skjønnsmidlar til kompetansebygging ØH-senger  
Sak 7/13: Biosfæreprosjektet og samarbeidsavtalen.  
Sak 7/13: Kopi av presentasjonen til Peter Emil Kaland av Biosfære-prosjektet  
Sak 8/13: Orientering om Stemmerettsjubileet og 1814-jubileet  
Sak 8/13: Synopsis – «Det tumultariske opptrinn»  
Sak 8/13: Tusenårsstaden Gulatinget – program 2013 (Espen Selvik)  
Sak 9/13: Kompensasjonsfondet. Kapitalinnhenting til Samband Vest  
Sak 10/13: Felles Regional Nærings- og utviklingsplan for Region Nordhordland  
Sak 13/13: Styrking av fagopplæringa i Nordhordland.  
Sak 16/13: Plassering av eit luftsportssenter i Nordhordland. Representant frå kvar kommune  
Sak 16/13: Møteplan Regionrådet og utval 2013 - oppdatert